

Å vurdere sivilsamfunnet sine synspunkt er ikkje «å feiga ut»



Fram til no har me hatt altfor mykje erfaring med at handsaming av energisaker ikkje har tatt omsyn til sivilsamfunnet. Dette har heilt tydeleg gått på tilliten laus, skriv artikkelforfattarane. Foto: Gunvar Mikkelsen / Forum for natur og friluftsliv Hordaland.

Av Gunvar Mikkelsen, koordinator for Forum for natur og friluftsliv Hordaland, Elisabeth Skage, styreleiar i Bergen og Hordaland Turlag, Lars Ågren, leiar i BirdLife Norge avd. Hordaland, Dag Seter, daglig leiar i Bergen og Omland Friluftsråd, Synnøve Kvamme, fylkesekretær i Naturvernforbundet Hordaland, Dag Sandvik, naturvernsansvarleg i Bergen og Hordaland Turlag

Publisert: 16.04.23 14:37

MEININGAR

Dette er eit debattinnlegg. Innlegget gir uttrykk for skribenten sine haldningar.

Fleirtalet i Vestland fylkesting vedtok den 14. mars å utsetje behandlinga av store delar av den regionale planen for fornybar energi til etter fylkestingsvalet i september. [I ein NRK-artikkel kjem det fram til dels sterke reaksjonar på utsetjinga](#), og det blei til og med hevda at utsetjinga var feig. Senterpartiet var blant partia som gjekk for ei utsetjing, [noko dei nyleg begrunna i Hardanger Folkeblad](#).

Som representantar for regionale naturvern- og friluftslivsorganisasjonar, meiner me at ei utsetjing i denne saka var det einaste riktige. For det fyrste må det vere slik at ein kvar høyringsprosess skal vere reell. Både organisasjonar og privatpersonar har lagt ned mykje arbeid i sine høyringsuttalar, og då må ein også kunne forventa at desse innspela får ei reell vurdering både frå administrasjonen og frå politikarane.

I denne saka hadde fylkesadministrasjonen berre nokre få dagar på seg frå høyringsfristen og til planen skulle opp til politisk handsaming, sjølv om planarbeidet har føregått heilt sidan 2021. Planen har vorte laga i samråd med arbeidsgrupper som – etter vedtak – skulle vore breitt samansette når det gjeld kompetanse. Representasjon frå naturvern- og friluftslivsinteressene vart likevel ikkje representert i planarbeidet. Desto viktigare er det då at høyringsuttalane blir grundig lest og vurdert.

Fram til no har me hatt altfor mykje erfaring med at handsaming av energisaker ikkje har tatt omsyn til sivilsamfunnet. Dette har heilt tydeleg gått på tilliten laus.

I etterkant av utsetjinga har det blitt hevda at det er udemokratisk av politikarfleirtalet å utsetje saka til etter valet, fordi då kan ikkje veljarane «straffa» politikarane for dei vala som dei gjer no før valet. Dette er etter vår meining ein merkeleg måte å resonnerer på. Me meiner tvert imot at det er meir demokratisk at saka blir ein del av valkampen, og at partia då tydeleg grunnjev sine standpunkt når det gjeld energiutbygging – slik at veljarane kan gjere opplyste val. Av grunnleggjande demokratiske grunnar er det også eit poeng at sivilsamfunnet sine høyringsmerknadar blir tekne på alvor.

Dei siste åra har vist oss at det er heilt naudsynt med ein omfattande debatt i energispørsmål; anten det gjeld utbygging av vindkraft, verna vassdrag, etablering av utanlandskablar eller elektrifisering av norsk sokkel. Politikarane blir nøydde til å ta innover seg at kraft er ein avgrensa ressurs, og at all vidare utbygging av fornybar energi vil krevje naturinngrep som må vurderast nøye, også i høve til kva den krafta som ein har til rådighet, blir brukt til.

Om lag ein fjerdedel av all straum i Noreg blir produsert i Vestland fylke. Naturen i denne delen av landet er naturlegvis allereie sterkt påverka av denne utbygginga – særleg når det gjeld vasskraft, men også i høve til vindkraft. Vestland sitt kraftoverskot har siste 10 åra vore mellom 33 og 47 prosent, og i 2021 (siste år de finst statistikk for) var kraftoverskotet på 35 prosent. Det betyr at meir enn ein tredjedel av den krafta som blei produsert i Vestland i 2021, blei brukt i andre delar av landet eller i utlandet. Dette er ikkje nemnt i den aktuelle planen.

Planutkastet som var på høyring hadde ei målsetjing om at Vestland fylke innan 2035 skal produsere om lag 60 TWh med fornybar energi – noko som utgjer nærare ei dobling av dagens straumproduksjon i Vestland! Legg ein til grunn at fylkeskommunen lykkast med denne mildt sagt ambisiøse målsetjinga, vil dette sjølsagt få enorme konsekvensar for naturen og landskapa der folk bur og ferdast. Me er ikkje i nærleiken av å ha eit kraftunderskot i Vestland, men likevel legg altså planutkastet opp til ei kolossal utbygging av fornybar energi dei nærmaste åra

Å vedta eit mål om nærast å doble den fornybare energiproduksjonen dei neste 12 åra, utan i tilstrekkeleg grad å diskutere sentrale forhold som kraftbalanse, effektbalanse, straumprisar, energisparing, kva krafta skal brukast til, og ikkje minst omsyn til natur, friluftsliv og fylkets innbyggjarar, er etter vår meining ikkje særleg klokt. [Dette er omsyn som vi peika på i vår høyringsuttale.](#)

Det er dessutan truleg viktigare å sjå på effektbalansen enn straumproduksjonen, sidan det er i tidsromma når det er mangel på straum at straumprisane verkeleg skyt i vêret, med dei store konsekvensane som det fører med seg. Likevel blir ikkje effektbalansen diskutert i planen.

Me ser no fram til ein opplyst valkamp om temaet, der partia er tydelege på kva for nokre prioriteringar dei vil gjere innanfor kommande fylkestingsperiode.

Gunvar Mikkelsen, koordinator for Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Elisabeth Skage, styreleiar i Bergen og Hordaland Turlag

Lars Ågren, leiar i BirdLife Norge avd. Hordaland

Dag Seter, daglig leiar i Bergen og Omland Friluftsråd

Synnøve Kvamme, fylkessekretær i Naturvernforbundet Hordaland

Dag Sandvik, naturvernsansvarleg i Bergen og Hordaland Turlag